

Felles brukarutval for Helse Førde og  
kommunane i Sogn og Fjordane

# Årsmelding 2018



SOGN OG FJORDANE



I 2018 har Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane hatt følgjande medlemmar:

Audun Nedrebø FFO - Hørselshemmedes Landsforbund (leiar)  
Gry Sætre SAFO - Samarbeidsforum for funksjonshemmas organisasjonar (nestleiar)  
Gerd Torkildson Kreftforeningen – Blodkreftforeningen  
Liv Stenbakk Krognes FFO - Landsforeningen for pårørende innan psykisk helse  
Hege Rosvoll SAFO - Samarbeidsforum for funksjonshemmas organisasjonar  
Alfred Brusegard FFO – Blindeforbundet  
Åshild Helleset FFO – MS-forbundet  
Ragnhild Marie S. Eimhjellen Sogn og Fjordane pensjonistforbund  
Aud Karin Netland Fylkesrådet for eldre  
Kurt Even Andersen KS/Førde kommune  
Vidar Vie Helse Førde

Varamedlemar:

John Ole Johnsen FFO - Norsk RevmatikerForbund  
Geir Liavåg Strand FFO - Norges Astma- og allergiforbund  
Amund Soltveit SAFO Norsk Handikapforbund  
Lisbeth Merete Johnsen Kreftforeningen – Hjernesvulstforeningen  
Kjellaug Grimsbø Sogn og Fjordane pensjonistforbund  
Erlend Haugen Herstad Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Kristin Bruland KS/Jølster kommune

Sekretær/tilretteleggar for utvalet:

Randi Holsen Solheim Administrasjonsrådgjevar – Helse Førde

## **1 Aktivitet og oppgåver**

Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane har i driftsåret 2018 vore samla til fem ordinære brukarutvalsmøte, og har handsama 37 saker.

Tema og presentasjonar på møta har vore:

- Orientering om samarbeidsprosjektet – Pasientar med store og samansette behov – mellom Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og kommunane Eid, Flora og Førde ved Anne Marte Søsnes
- Orientering om arbeidet med Nye Førde Sjukehus ved Kjell Inge Solhaug
- Orientering om konsekvensar av planlagde økonomiske tiltak i Helse Førde ved Vidar Vie
- Orientering om revisjon av verksemdsmessig utviklingsplan ved Vidar Vie
- Orientering om prosjektet Alle Møter ved Laila Helgheim
- Orientering om handlingsplanen for utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenesta i Sogn og Fjordane ved Kurt Even Andersen
- Høyringsutkastet til utviklingsplanen ved Marianne Kleppe Nordal
- Orientering om pågåande planarbeid og manglande psykosepost ved klinikkdirektør PHV Børge Tvedt
- Innlegg frå Smerteklinikken om integrering av likepersonserfaring i tverrfaglege smerteteam ved Kristina Stæger Breisnes

- Innlegg om rehabilitering ved Martin Roland Hansen
- Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten presenterte seg
- Orientering om brukarmedverknad i forskning ved Marit Solheim og Guro Mjanger
- Orientering om prosjekt stadleg leing lokalsjukehusa ved Randi Holsen Solheim
- Orientering om Ambulansestasjonane – sak om tilbodet i Balestrand i Sogn avis – informasjon ved seksjonsleiar Stian Sægrov

Av dei større sakene som utvalet har engasjert seg i er det naturleg å trekke fram arbeidet med Nye Førde sjukehus. I samband med vedtak om fjerning av terapibassenget sendte brukarutvalet brev til styret. Gjennom heile året har det vore løpande og omfattande prosessar, der det tidvis også har vore utfordrande å finne fram til eit tilfredstillande nivå for brukarrepresentasjonen. Gjennomgåande intern dialog mellom utvalsmedlemmane har mogeleggjort eit fullt ut funksjonelt brukarretta perspektiv i dette viktige arbeidet.

Elles oppretta utvalet eigne arbeidsutval til å jobbe med høyringsuttale av helseføretaket sin utviklingsplan og med prehospital plan.

Av andre saker kan også nemnast engasjementet rundt planarbeidet for nytt psykiatribygg. I brev til styret peikte utvalet på at det var uheldig at planane ikkje inneheld eigen psykosepost. Vidare har utvalet også - med bakgrunn i brev frå HLF Sogn og Fjordane om manglande mogelegheiter for elektronisk kommunikasjon med helseføretaket - engasjert seg i Alle møter-prosjektet. Dette prosjektet skal bidra til eit betre tilbod til pasientane, der målet er at pasienten skal møte ei heilskapleg helseteneste med gode kommunikasjonsløyningar, digitale tenester og god intern organisering. På FBU møte i juni vart det synt til at Klinisk Etisk Komite (KEK) ikkje har oppnemnd leiar og sekretær. Sekretariatet følgte opp dette og i juli var ny leiar og sekretær utnemnd.

I juni fekk utvalet omvisning på den interkommunal legevaktsentralen med der tilhøyrande KAD-sengar for dei samarbeidande kommunane i Sunnfjord. Helse Vest si fellessamling gjekk av stabelen i august, og dei fleste av medlemmane i FBU deltok på denne samlinga i Bergen. Ulike tema på samlinga var; Medikamentfrie behandlingsløp, Samtykke og reservasjonsrett og Brukarstyrt forskning. Helseføretaka sine utviklingsplanar vart også presentert og gjennom workshop fekk deltakarane høve til å komme med innspel til den regionale utviklingsplanen.

I desember 2018 presenterte Helse Førde sitt aller første nasjonale helseatlas - i ortopedi. Lanseringa fann stad i auditoritet på sjukehuset, og her var brukarrepresentanten i prosjektet deltakande og presenterte sine tankar frå eit brukarperspektiv.

Felles brukarutval mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane var også invitert og gjennomførte eit møte med styret i Helse Førde og eit møte med fylkesstyret KS.

I møte med styret i Helse Førde delte brukarutvalet nokre tankar om:

- Utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste» og etterspurde korleis verksemdsmessig utvikling og bygningsmessig utbygging er tenkt ivaretatt, særskilt med tanke på organisering, koordinering, prioritering og rapportering.
- Den Nasjonale kreftstrategien «Leve med kreft» (2018-2022)

Tema i møtet med fylkesstyret KS var læring- og meistringsarbeid, frisklivssenter og brukarmedverknad i kommunane. I møtet peika Felles brukarutval på gevinsten av å bruke dei frivillige organisasjonane i læring- og meistringsarbeidet.

Brukarutvalet hadde innlegg på Leiardialogen i HFD 2 oktober med råd til føretaket i følgjande saker

- Samhandling, få til gode koordinerte tenester
- Ventetid for å få utredning for høreapparat
- Rehabilitering
- Informasjon mellom behandlar og brukar

Eksterne oppdrag:

- Innlegg på kurs i Helsepedagogikk på Læring- og meistringssenteret (LMS).  
Tema: Maktfordeling – Det å ha sjukdommen i sentrum
- Deltaking på Innføringskurs: Praktisk etikk i helsetenesta
- Med å arrangere Møteplassen
- Innlegg på studiet i master: Samhandling innan helse- og sosiale tenester ved Høgskulen i Vestlandet. Tema: Brukarperspektiv på situasjonen for pasientar/brukar med langvarige og samansette behov og deira erfaring med samhandling i tenestene etter samhandlingsreforma.

Etablering av felles leiarforum for Brukarutvala i Helse Vest. Samlingane skal haldast på Flesland og sekretariatfunksjonen skal rullere mellom utvala. Felles Brukarutval I Sogn og Fjordane deltok på leiarforumet 13.november og hadde då ansvar for møtet.

Nytt av året er samarbeid med det nyetablerte ungdomsrådet i Helse Førde. Årsplanlegginga for ungdomsrådet fylgjer skuleruta, i motsetnad til FBU sitt årshjul som går over kalenderåret.

Det er ikkje formulert felles målsetting for brukarutvalet og ungdomsrådet, men ein vil gjere felles sak i høve til; Korleis få fram brukarutvalet/ ungdomsrådet si stemme? Korleis få gehør for brukarsynspunkt? Korleis involvere brukarutval og ungdomsråd? «Ein-veg-inn? – kontaktinformasjon for kommunane og HFD»

Som tidlegare år – har også dette arbeidsåret vore prega av ei rekke prosjektarbeid. Ved årsskiftet syner aktivitetsoversikta 43 ulike råd/utval og prosjektgrupper der brukarrepresentantane har delteke. For brukarrepresentantane utgjer denne deltakinga - inkludert ordinære utvalsmøter - totalt 117 heildagsmøter.

<b>Råd og utval - prosjektgrupper</b>	<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Vara</b>
Kvalitetsutvalet	Gerd Torkildson	Åshild Helleset
Kvalitetskonferansen	Audun Nedrebø	
Kvalitetsprisen	Audun Nedrebø	
Koordineringsrådet	Audun Nedrebø Gry Sætre	Ragnhild Eimhjellen
Forum for helse, omsorg og folkehelse i Sogn og Fjordane (HOF)	Aud Karin Netland	
Avtaleutvalet	Åshild Helleset	John Ole Johnsen
Klinisk etisk komite	Lisbeth Johnsen	
Matpanelet	Gerd Torkildson Aud Karin Netland	
Helsepedagogikk	Gry Sætre Hege Rosvoll	
Vurdering interne søknader forskning	Åshild Helleset	
Styringsgruppe tematisk forskning psyk helse og rus	Liv Stenbakk Krognnes	John Ole Johnsen
Styringsgruppe tematisk folkehelse, livsstil og overvekt	Audun Nedrebø	
Styringsgruppe fagnettverk innan eldreomsorg	Ragnhild Eimhjellen Anny Urtegård	
Vurderingsråd/jury kvalitetspris i Helse Førde	Audun Nedrebø	
Samhandlingsforum for akutt med kjede	Ragnhild M Eimhjellen	
Pasientens helseteneste - prosjekt PHV	Liv Stenbakk Krognnes Audun Nedrebø	
Forprosjekt nye Førde sjukehus	Åshild Helleset Gerd Torkildson	
Undergruppe forprosjekt nye Førde sjukehus	Gry Sætre	
Undergruppe forprosjekt nye Førde sjukehus	Liv Stenbakk Krognnes	
Arbeidsutval for rehabilitering	Lisbeth Johnsen	
Møteplassen Sogn og Fjordane	Lisbeth Johnsen Gry Sætre	
Prosjektet Ambulante tenester	Lisbeth Johnsen	
Læring- og meistringssenteret – nye lokaler	Aud Karin Netland Åshild Helleset	
Klinikkråd og avdelingsråd PHV	Liv Stenbakk Lisbeth Johnsen	
Eldre med samansette lidningar	Gerd Torkildson Ragnhild Eimhjellen	
Eldremedisin/eldreomsorg	Liv Stenbakk Krognnes Kjellaug Grimsbø	
Fag- og samarbeidsråd utviklingsenteret	Gerd Torkildson	
Samhandlingskonferansen	Åshild Helleset	
Observatør til styret – tale og forslagsrett	Audun Nedrebø	
Prehospitale tenester	Audun Nedrebø	
Fagdag – barn som pårørende for tilsette i spesialisthelsetenesta og kommunane i Sogn og Fjordane	Lisbeth Johnsen	
Prosjektgruppe for brukarinvolvering i co-produksjon/helse og sosialfagutdanning	John Ole Johnsen	

Lærdal fase 2 prosjekt i Pasientens helseteneste	Alfred Brusegard	Åshild Helleset
Bruk av tvang ved Akutt døgn i Psykiatrisk klinikk	Lisbeth Johnsen	
PHV – gruppe til møte med arkitekt / rådgjevarar	Liv Stenbakk Krognnes	
Rus ettervern	Gro Indrebø	
Arbeidsgruppe organisering av kontaktsenter innanfor delprosjektet Open Linje	Audun Nedrebø	
Ressursgruppa ortopediatlas	Åshild Helleset	
Finne frem	Audun Nedrebø	
Arbeidsgruppa revisjon samhandlingsavtalen knytt til inn- og utskriving av pasientar PHV	Liv Stenbakk Krognnes	
Pakkeforløp PHV	Liv Stenbakk Krognnes	
Ressursjukepleiarnettverket lindrande behandling	Gerd Torkildson	
Programstyret Alle møter	Audun Nedrebø	

## 2 Rekneskap

Brukarutvalet sitt budsjett for 2018 - stort 494.000 NOK - var vedteke i koordineringsrådet i november 2017. Førabels rekneskapsresultat for driftsåret syner eit mindreforbruk i høve til budsjettet.

Tidsutvalg	Denne perioden
Prosjekt	(3530) BRUKARUTVALGET I HELSE FØRDE v/O.Helgås
<b>Beløp</b>	<b>Kolonneetiketter</b>
<b>Radetiketter</b>	<b>2018</b>
<b>(RS) Resultat</b>	<b>299 143</b>
<b>(5) Lønnskostnad</b>	<b>228 670</b>
(51) Lønn til ansatte	14 000
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	182 870
<b>(539) Annen oppgavepliktig godtgjørelse</b>	<b>182 870</b>
(5390) Andre avgiftspliktige utbetalinger	182 870
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	28 564
(56) Kompetanse og rekruttering	2 600
(59) Annen personalkostnad	636
<b>(6) Annen driftskostnad, av- og nedskrivning</b>	<b>1 190</b>
(67) Eksterne tjenester	-1 700
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	2 890
<b>(7) Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forsettel</b>	<b>69 284</b>
(70) Kostnad transportmidler	4 246
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	65 037
<b>(710) Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig</b>	<b>45 208</b>
<b>(714) Reisekostnad, ikke oppgavepliktig</b>	<b>13 384</b>
<b>(715) Diettkostnad, oppgavepliktig</b>	<b>6 446</b>
<b>Totalsum</b>	<b>299 143</b>

### **3 Tilrettelegging for utvalet /oppsummering**

Også dette året har utvalet hatt fokus på korleis ein kan sikre handsaming og innflytelse i saker på tvers av føretak og kommunehelsetenesta. Det har framleis vore utfordrande å få tilmeldt dagsaktuelle tema frå kommunane, men vonleg vil tilsetting av interkommunal samhandlingskoordinator hausten 2018 bidra til endring. Som tidlegare har utvalsmøta vore gjennomført i Helse Førde sine lokasjonar, og i september var utvalet på besøk til Indre Sogn psykiatrisenter. Her vart det omvisning og orientering om Rutlin av administrasjonssjef Øyvind Myrmel.

Gjennom heile 2018 har det vore stor aktivitet i felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane. Som synt til ovanfor er medlemmane engasjerte og deltek i ulike avtalearbeid og mange prosjekt. Utvalet opplever at dei kan komme med innspel og medverke positivt til forbetring av tenester. Samstundes må det kontinuerleg arbeidast med å halde oppe medvitet om behovet for at brukarar kan delta som aktive samarbeidspartnarar – både på system- og individnivå.

Sekretærfunksjonen for utvalet har gjennom året vore ivareteken av helseføretaket, som saman med leiar har sikra sakliste og førebuingar til møta der ein har søkt å samanstille dagsaktuelle saker til FBU både frå HFD og kommunane.

20.01.2019

Audun Nedrebø